

PROTOKOLL
MØTE I REGIONRÅDET NORDHORDLAND

Møte: 5-2016
Tid: Fredag 10. juni kl. 09:00 - 11:00
Stad: Fjord Slottet, Fotlandsvåg, Osterøy

Til stades:

Ordfører:	Karstein Totland (sak 38-40, 43), Jon Askeland, Hallvard Oppedal, Øyvind Oddekav, Stian Herøy, Per Lerøy, Leif Hosøy Sleire (fungerande varaordfører Lindås kommune)
Rådmenn:	Jarle Landås, Øivind Olsnes, Ingvild Hjelmtveit, Reidun Halland, Vidar Bråthen, Jostein Førre, Svein Helge Hofslundsengen (sak 38-40, 43)
NUI:	Rune Heradstveit
Andre:	HOG Energi: Nelson Rojas (sak 41/16)
Forfall:	Tom Kristian Thorsen, Jarle Skeidsvoll, Nina Bognøy, Jan Olav Osen, Ørjan Raknes Forthun

Sak 38/16	Godkjenning, møteinnkalling og saksliste Møteinnkalling og saksliste vart godkjent utan merknadar.
Sak 39/16	Godkjenning, protokoll møte 4-2016 Møteprotokoll frå møte 4-2016 vart godkjent utan merknadar.
Sak 40/16	Uttale til Hordaland fylkeskommune sin skulebruksplan 2016-2030 Oppdatert forslag til uttale til Hordaland fylkeskommune sin skulebruksplan 2016-2030 vart lagt fram før møtet. Regionrådet synest det var ein sær sars god og grundig uttale. Enkelte kommunar vil koma med eigne uttalar. Vedtak: Regionrådet slutta seg til uttalen slik den var lagt fram til møtet og ber administrasjonen senda den til Hordaland fylkeskommune.
Sak 41/16	Presentasjon av søknad om omstilling i regionane (vedlegg) Nelson Rojas, HOG Energi presenterte arbeidet med «Omstillingsalliansen – eit vegkart for industriutvikling». Arbeidet byggjer på rapporten frå HOG Energi om Leverandørindustrien i Hordaland, status og framtid for SMB. Rojas viste til at verdiskapinga i Petroleumsnæringa har hatt ein reduksjon på 143 mrd. frå 2014 til 2015, og at dette åleine tilsvarar det same som t.d. elforsyning, akvakultur, fiske, jordbruk, reiseliv og hotell samla står for. Spørsmålet er korleis me skal handtera desse utfordringane strategisk i kommunane og regionane? Det er utvilsamt behov for eit nytt industrielt fokus i næringspolitikken. «Omstillingsalliansen – eit vegkart for industriutvikling» er eit forsøk på dette, og er ein samarbeidsallianse bestående av HOG Energi og Regionråda i Hordaland.

	<p>Alliansen skal utføra prosjektet «Regionalt veikart for industriutvikling» og prosjektet skal utførast i tett samarbeid med verksemder frå regionene, næringsutviklingsaktørar, forskingsaktørar og Hordaland fylkeskommune. Vår visjon er «Saman for framtidig regionalt konkurransekraft».</p> <p>Alliansen ynskjer å laga eit regionalt vegkart for industriutvikling herunder ein dynamisk tiltaksplan med ein felles industriell agenda og eit reiskap som skal styrkja regionane kvar for seg - og i fellesskap. Vegkartet skal og nyttast som strategisk innspel til regjeringa si komande industrimelding.</p> <p>Målsetjingar:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Skaffa innsikt og relevant kunnskap som kan koma til nytte for etablering av lokalretta industripolitikk og ein strategisk tilnærming til lokal omstilling ▪ Stimulera samspel og sikra samarbeid mellom regionane og ein løpande strukturert dialog om lokal industriell verdiskaping ▪ Sikra handling og ein systematisk felles industripolitisk satsing med konkrete og relevante tiltak <p>Gjennomføringa av prosjektet er strukturert i arbeidspakkar;</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ APO: Prosjektleiing ▪ AP1: Framtidas konkurransefortrinn for regionen ▪ AP2: Beste praksis innan omstilling av regioner ▪ AP3: Samarbeid som konkurransefortrinn ▪ AP4: Vegkartet (tiltaksplan) <p>Tidshorizonten er eitt år og budsjettet er kr. 1,8 mill. fordelt på støtte frå omstillingsutvalet på Sør- og Vestlandet (søknad vert sendt) og i eigeninnsats. Prosjektet skal levera strategiprosess, 3 samlingar, 2 notater, ein spørjeundersøking som dekker alle kommunane, ein tiltaksplan (vegartet), vidareføring av partnerskapet for oppfølging av vegkartet. Prosjektet skal nytta seg av deling av beste praksis innan omstilling av regionar.</p> <p>Vedtak: Regionrådet tok orienteringa til etterretning og signaliserte at dette ønskte dei vera med på. Dette er viktig og framtidsretta.</p>
<p>Sak 42/16</p>	<p>Status for arbeidet med «Vegen vidare etter BRB»</p> <p>Dagleg leiar gjorde kort greie for status i arbeidet i arbeidsgruppa som er nedsett av eigarane av BRB og som innan 10. juni skulle koma med forslag til framtidig organisering av arbeidsoppgåvene innan Etablerersenteret og Invest in Region Bergen.</p> <p>Forslag vil koma ut til eigarane over helga, og det vil bli kalla inn til eigarmøte fredag 24. juni.</p> <p>Vedtak: Regionrådet tok orienteringa til etterretning.</p>
<p>Sak 43/16</p>	<p>Oppnemning av styremedlem til Nordhordlandspakken AS og observatørar til styret</p> <p>Det er generalforsamling i Nordhordlandspakken 24. juni, og det skal oppnemnast nytt styre. Hordaland fylkeskommune har oppnemnt to kandidatar og Bergen kommune ein. Det er NUI som er regionen sin aksjonær i Nordhordlandspakken AS og NUI må derfor ha klar to kandidatar til generalforsamlinga. Dagleg leiar gjorde greie for den kartlegginga som er gjort og for aktuelle kandidatar. Deretter drøfting.</p> <p>Vedtak: Regionrådet tok orienteringa til etterretning.</p>

Sak 44/16	Status frå utvala og frå ulike styrings- og arbeidsgrupper
	<p>Utval for nærings- og samfunnsutvikling Hallvard Oppedal informerte frå utvalet. Utvalet har hatt møte hos PSW, dette var veldig nyttig, og utvalet legg opp til å ha fleire av sine møte ute hos verksemder. Utvalet har hatt fokus på mandat og planar framover samt skulebruksplanen. Utvalet vil no jobba med den Interkommunale nærings- og samfunnsplanen.</p>
	<p>Utval for kultur, omdømme og kunnskapsutvikling Øyvind Oddekalv informerte kort frå utvalet. Fokus har vore på skulebruksplanen. Utvalet vil framover jobba med Interkommunalt anleggs- og idrettsplan samt folkehelse og planlegg møte med Nordhordland kursregion.</p>
	<p>Utval for helse og omsorg Stian Herøy informerte frå utvalet. I siste møte var bl.a. helsehuset tema. Utvalet er elles bekymra for situasjonen hos KK, og det at utskriving skjer veldig kort tid etter fødselen. Dette utfordrar helsetenesta i kommunane og ein ser at ein ikkje har eit godt nok system for dette.</p>
	<p>Andre Per Lerøy har vore i møte i kompetanseutvalet. Ein er svært bekymra for situasjonen med lite læreplassar. Han oppmoda alle om å gjera noko for dette.</p>
Sak 45/16	<p>Meldingar og eventuelt Vidar Bråthen sluttar no som rådmann i Fedje etter 36 år. Torsdag den 9. juni om kvelden vart dette markert med eit festmåltid på Fjord Slottet i Fotlandsvåg. Regionrådet takka han av for mange gode bidrag – og for eit langt og godt samarbeid i regionen i alle desse åra!</p>

Knarvik, 16. juni 2016

Karstein Totland

Karstein Totland

Leiar

Regionrådet Nordhordland

Rune Heradstveit

Rune Heradstveit

Dagleg leiar

Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Vedlegg:

Sak 41/16 Presentasjon av søknad om omstilling i regionane. HOG Energi